

## Oppdrag Sogn: Status quo eller politisk ekstremспорт?


Oddbjørn Bukve

Innleiing på kommunestyresamling, Sogn regionråd 23. april 2012

Den flotte tittelen på foredraget mitt har eg ikkje funne på sjølv. Den utgjer oppdraget mitt. Og halve oppdraget kan eg like godt svare på med ein gong. Ein ting er nemleg sikkert, og det er at framtida byr ikkje på status quo. Verda rundt oss er i rask endring. Desse endringane både har påverka oss og kjem til å påverke oss anten me vil eller ei. Om me vil sjå rundt oss, kan me ikkje unngå å observere nokre tunge og langsiktige trendar i som både har og kjem til å påverke oss.

Ein slik trend er at veksten i folketal og næringsliv i all hovudsak skjer i urbane område. Storbyregionane veks aller mest, men også mellomstore og små byregionar har som regel ein bra vekst i folketal og næringsliv. På den andre sida har nesten alle regionar utan større sentra nedgang i folketalet.

### Folketalsendring i Noreg 1991 - 2011



Ein annan tung trend er at veksten i dag først og fremst skjer i kompetanseintensiv tenesteyting. Færre og færre produserer varer, anten det er i jordbruk og industri. Standardisert masseproduksjon blir flytt til land med eit anna kostnadsnivå enn det me har i Noreg. Det me kan produsere med forteneste her, er i hovudsak kompetanseintensive nisjeprodukt retta mot ein betalingsdyktig marknad. Uansett kva me skal leve av, er kunnskap og kompetanse i dag blitt vår viktigaste produktivkraft.

## Kunnskap og kompetanse – vår viktigaste produktivkraft




”Den viktigste produksjonsfaktoren er liten, grå og veier rundt 1,3 kilo. Det er menneskets hjerne.”

*Nordström og Ridderstråle:  
Funky Business – med talent danser kapitalen*

”Det nye er ikkje bruken av kunnskap, men at kunnskapen er retta mot å få tak i, bearbeide og ta i bruk informasjon”  
*Castells: The Information Age*

Ein tredje trend, som bind saman dei to første, er at kompetanseintensive bedrifter og næringar søker saman i større miljø. Det gjer dei for å rekruttere attraktiv arbeidskraft, for å ha kontakt med leverandørar og kundar og for å ha tilgang på ein attraktiv infrastruktur. Vekst skjer ikkje i isolasjon, men i nettverk. Det har lenge vore på mote å snakke om klynger, men eg er samd med BI-professor Torgeir Reve som heller vil fokusere på kunnskapsnavet, på samarbeidet mellom dei ulike gruppene av aktørar som må medverke for å utvikle ei næring.

## Frå klynge til kunnskapsnav (Reve)



Desse utviklingstrekk påverkar sjølvsagt Sogn og heile Sogn og Fjordane. Me er ein region utan den tiltrekningskrafta som ligg i storleik. Kontrasten til utviklinga i grannefylka er stor. Og når me ser på utviklinga i dei enkelte kommunane i Sogn, ser me at dei fleste har hatt tilbakegang over lang tid. Eg er fødd det året som tabellen tek utgangspunkt i, altså 1951. I mi levetid har altså dei fleste kommunane i Sogn tapt mange innbyggjarar. Leikanger har vore relativt stabilt. Regionsenteret Sogndal er einaste unntaket frå trenden, med nesten ei dobling av folketalet på seksti år. Me ser også at veksten i Sogndal åleine er stor nok til å gjere opp for nedgangen i dei andre kommunane. Samanlikna med landet som heilskap er Sogn likevel ein stagnasjonsregion. Alt i alt stadfester utviklinga i Sogn den tunge trenden med nedgang i bygde-Noreg og vekst i dei urbane områda.

## Folketalsutvikling i Sogn 1951 -2012

(Justert for endra kommunegrenser)

Kommune	Endring i % 1951-2012
Balestrand	-29
Aurland	- 28
Årdal	- 26 (sidan 1972)
Vik	-23
Luster	-23
Lærdal	-11
Leikanger	+6
Sogndal	+88
Sum 1951: 26721	Sum 2012: 28185

Dette kan høyrast ut som dårleg nytt for framtidig utvikling i Sogn, og eg skal ikkje nekte for at det er ei utfordring. Men bildet er likevel ikkje heilsvar. Det finst noko som er godt nytt, og eg skal trekke fram tre poeng.

Det første poenget er at me faktisk er dyktige på ein del ting her i regionen og for så vidt i dette fylket. Me er faktisk dyktige nok til å konkurrere over vår eigen vektklasse i ein del samanhengar. Om me ser på alle bu- og arbeidsregionar i landet der tettstaden har frå 3 til 5 tusen innbyggjarar, er Sogndalsregionen den som har hatt størst vekst frå tusenårsskiftet til no. Sogndalsregionen er i denne samanhengen kommunane Sogndal, Leikanger og Luster. Dette kan me lese svart på kvitt i Kommunaldepartementet sin publikasjon om Regionale utviklingstrekk fram til 2011. Men eg har ikkje registrert eit einaste lokalt medieoppslag om dette. Me er kanskje litt for lite flinke til å skryte av oss sjølve på ein del område.

Forresten er dette bildet ikkje eineståande for Sogn. I vektklassen over, regionar der største tettstad har 5-10 000 innbyggjarar, har Førderregionen størst vekst det siste tiåret. Denne regionen omfattar Førde og dei tre omlandskommunane i Indre Sunnfjord. Og i vektklassen under, regionar med tettstad frå 2 til 3 000, presterer Strynregionen det same. Denne regionen omfattar Stryn og Hornindal.

## Utviklinga i bu- og arbeidsregionar i Sogn og Fjordane

BA-region	Folketalesutvikling 2001 - 2011
SOGNDAL Leikanger Luster	+ 4,4
LÆRDAL/ÅRDAL	- 1,7
VIK	- 6,5
AURLAND	- 7,9
HØYANGER Balestrand	- 9,5
FØRDE Naustdal, Jølster, Gaular	7,6
STRYN Hornindal	2,9
EID/GLOPPEN	1
FLORA Bremanger	0,4
VÅGSØY Selje	-7
FJALER Askvoll Hyllestad	-6,3
Solund	-8,5
MASJFJORDEN Gulen	-6,4

Det er samansette grunnar til at senterregionane i Sogn og Fjordane veks sjølv om dei er etter måten små. Den eine er at me ikkje har store byar i nærleiken. Dermed blir viktige funksjonar som elles i landet finst i større byområde, lokalisert til små byar og tettstader. Det gjev ein moderne og vekstkraftig næringsstruktur. Den andre grunnen, som heng saman med den første, er at me har høgt utdannings- og kompetansenivå i senterregionane våre. Sogndalsregionen er nummer 10 og Førderregionen nummer 11 av i alt 162 bu- og arbeidsregionar i landet. Det er nesten på linje med universitetsbyane, og det medverkar til etablering av konkurransedyktig verksemd i nye og veksande næringar. Til dømes er eit lite, men spennande nettverk av it-bedrifter no i ferd med å vekse fram rundt Fosshaugane Campus og Kunnskapsparke i Sogn og Fjordane.

Eit anna forhold som gjev grunn til optimisme, er at veksten i regionsenteret no er sterk nok til at det gjev overrisingseffektar også i grannekommunane. Både Luster og Lærdal har stabilisert folketalet det siste tiåret, i motsetning til utviklinga dei føregåande periodane. Og det skuldast i høg grad betre kommunikasjonar og pendling til regionsenteret. Nesten kvar tredje lustring pendlar ut av kommunen i dag. Lærdølene pendlar også meir, mest til Årdal og noko til Sogndal. Det me ser, er at Indre Sogn som heilskap så smått er i ferd med å tene på auka regional integrasjon.

## Folketalsutvikling i Sogn 1951 -2012 (Justert for endra kommunegrenser)

Kommune	Endring i % 1951-2012	Endring i % 2002 - 2012
Balestrand	-29	-11
Aurland	- 28	-5
Årdal	- 26 (sidan 1972)	-3
Vik	-23	- 6
Luster	-23	+1
Lærdal	-11	+1
Leikanger	+6	+2
Sogndal	+88	+11
Sum 1951: 26721	Sum 2012: 28185	

For femti-seksti år sidan var det ei sanning at bygdesentra ikkje kunne vekse og trivast utan levande bygder rundt seg. Slik var det i den tida då bygdesentera først og fremst var handelsplassar for omlandet og foredlingsplassar der bøndene leverte produkta sine til meieriet, slakteriet, saftfabrikken og fruktlageret. I dag gjeld ikkje denne samanhengen lenger. I dag er det snarare omvendt, det er blomstrande bygder som er avhengige av å ha eit sterkt regionsenter som motor i utviklinga. Grunnen er enkel nok. Det er i byar og større sentra me finn dei fleste arbeidsplassane som er interessante for velutdanna bygdeungdommar. Og det er der arbeidsmarknaden er variert nok til at ein kan skifte jobb utan å flytte eller finne jobb for både seg sjølv og partnaren. Derfor trekker dei unge mot byar og senter for å skaffe seg jobb.

Men også velutdanna ungdommar har gjerne med seg identiteten og tilknytninga til heimbygda. Om dei kan få både i pose og sekk ved å bu i bygda og arbeide i regionsenteret, gjer dei gjerne det. Dermed blir det slik at bygdefolk i stadig større grad lever liva sine i ein regional samheng. Også dei av oss som bur i mindre bygder, arbeider i sentra og bruker tenestetilboda og kulturtilboda der. Derfor er avstanden til regionsenteret eller bygdebyen ein viktig faktor for utviklinga i bygdene. Og derfor er det viktig å sjå dei positive ringverknadene av vekst i regionsentera.

Den tredje tingen eg vil nemne som gjev grunn til optimisme, er at me har fått ein del aktørar som er dyktige på merkevarebygging og medverkar til å gje Sogn ein positiv identitet som er synleg utover. Internasjonalt er Flåm og Nærøyfjorden i denne klassen. Nasjonalt har Sogndal fotball vore svært viktig. Til dette kan me legge til det arbeidet som er gjort for å marknadsføre Sogn som eit eldorado for fjellsport med spektakulære fjernsynsbilde, og bruken av nynorsk og dialekt som identitetsmarkør som me no ser både i næringslivet – eg tenker på Lerum – og hos dei nye musikkartistane våre.



Det er altså positive trekk i bildet, og ting som me kan bygge vidare på i arbeidet for å skape vekst og utvikling i regionen. Men det er heller ikkje til å underslå at me finn trekk som gjev grunn til bekymring.

Den første bekymringa er at me i Sogn har nokre kommunar som har eit svært sårbart næringsliv. I Sogn regionråd sitt område finn me to av dei ti mest industriavhengige bu- og arbeidsregionane i landet. Årdal og Lærdal i lag har tredjeparten av dei sysselsette i industrien. Det er mest i landet. Vik er nummer ti på den same lista. Dessutan har Aurland den nest høgaste delen i landet som er sysselsett innan turisme, målt etter sysselsette innan overnatting og

servering. Slike tal kan ein sjå frå to perspektiv. Ein kan sjå dei som resultatet av ei vellykka spesialisering og konkurransedugleik innanfor ein produksjonsnisje. Dette er sant nok, og det står respekt av dei posisjonane dei tre kommunane har skaffa seg innanfor sine nisjer. Men både i natur og samfunn gjeld det i det lange løp at den som er sterkast spesialisert, også er mest sårbar dersom etterspurnaden eller konkurranseposisjonen endrar seg. Dinosaurane dominerte verda i si tid. Men dei var spesialiserte mot ein økologisk nisje som forsvann, og me veit korleis det gjekk. Sameleis gjeld det at samfunn som er spesialiserte mot ein type produksjon og marknader, er sårbare dersom konkurransevilkåra eller etterspurnaden endrar seg.

Og det grunnleggande problemet for dei samfunna eg snakkar om her, er at dei har eit svakt utgangspunkt for å bygge eit meir variert og konkurransekraftig arbeidsliv på eiga hand. Dei langtidstala som eg synte i starten av innlegget, fortel oss det på ein tydeleg måte. Svaret på utfordringa ein region som Sogn må derfor ligge i auka samarbeid, slik at område med ulik spesialisering kan utfylle kvarandre og lære av kvarandre. Det er denne fordelten me først og fremst kan hente ut ved å satse på regional integrasjon og regionforstørring som strategiar. Regionforstørring betyr ganske enkelt at ein utviklar kommunikasjonar og samarbeid, slik at innbyggjarane i kommunar som tidlegare utgjorde ein eigen arbeidsmarknad, får reelle høve til å pendle og på tvers av tidlegare grenser. Når regionen vert meir integrert kan pendlinga auka begge vegar, sjølv om det nok er innpendlinga til regionsenteret som vil auke mest.

På mange måtar er Sogn i ein gunstig posisjon når det gjeld vilkåra for regional integrasjon. Avstandane er kortare enn i mange andre delar av landet. Halvparten av innbyggjarane i regionrådet sitt område bur innan ein halvtimes reiseavstand frå Sogndalsfjøra. Reisetida vert lengre for dei som har fjorden å krysse. Me må rekne med rundt fem kvarters pendlartid for å nå 90% av innbyggjarane i dag. Framleis snakkar me om ei arbeidsreise som er heilt vanleg i storbyane, sjølv om det er få som pendlar så langt i Sogn.

Det har vore mykje snakk om fjordkryssing, men det ligg så langt fram i tid at det ikkje vil gjere noko frå eller til for oss som er samla her. Men eg merkar meg òg at debatten er i ferd med å endre seg til fordel for strategiar som kan betre kommunikasjonane på kort sikt: Høgare ferjefrekvensar, båtruter og



utbetring av dei vegane som bind sognekommunane saman er alt i ferd med å komme høgare opp på dagsordenen. Den dagen dei fleste kan pendle innan regionen på ein time, er ein i ferd med å nå målet om ein integrert bu- og arbeidsmarknadsregion. Det vil ta tid, men det er heller ikkje eit urealistisk mål dersom det er dette ein verkeleg vil når nye investeringar i samferdslesektoren skal prioriterast. Å utarbeide ein felles strategi for regional integrasjon og å selje denne inn mot nasjonale styremakter, burde vere ei overordna oppgåve for Sogn regionråd. Infrastruktur for samferdsle, transport og elektronisk kommunikasjon må vere sentrale element i ein integrasjonsstrategi. Ein annan del av ein integrasjonsstrategi må vere samarbeid om ulike tenester og arbeidsoppgåver der ein kan dra nytte av å bygge opp større og meir berekraftige kompetansemiljø.

## Ein regional utviklingsstrategi

### **EIN STRATEGI FOR REGIONFORSTØRRING**

**Fokus på infrastruktur,  
samferdsle og ikt-kommunikasjon**

### **EIN STRATEGI FOR OFFENTLEG SAMARBEID**

**Fokus på samarbeid om offentlege  
tenester og oppgåver**

### **EIN STRATEGI FOR KUNNSKAPSBASERT NÆRINGSUTVIKLING**

**Fokus på utvikling av og samarbeid mellom  
aktørane i kunnskapsnava**

Eit vilkår for å dra nytte av regional integrasjon er at politikarane er i stand til å lage felles vekststrategiar for næringslivet. Ei fallgruve er då at ein blir for oppteken av dei arbeidsplassane ein står i fare for å tape og ikkje dei nye som skal gje vekst. Det er solid dokumentert at det som skil vekstregionar frå tapsregionar ikkje er kor mange arbeidsplassar ein legg ned, men kor mange nye som kjem til. Arbeidsplassar som utviklinga har gått frå, blir lagde ned over alt. Når Sogndal i motsetning til resten av regionen har hatt vekst over tid, er

det ikkje på grunn av vellykka bevaringspolitikk. Meieriet, slakteriet og brusproduksjonen er borte, og jordbruket har gått attende vel så mykje i Sogndal som i andre sognebygder. Det er talet på nyetableringar som utgjer skilnaden. Slik er det overalt, ikkje berre i Sogn. Og vekststrategiar må rette seg mot dei områda der ein har spisskompetanse og andre føresetnader for å lykkast. Utgreiinga om eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane, som vart lagt fram i vinter, foreslo seks prioriterte utviklingsområde for fylket. I alle fall fire av dei, og kanskje eit par andre område, er høgst relevante for Sogn. Ein felles næringsstrategi for Sogn der ein bygger vidare på funna i denne utgreiinga, burde også vere ei høgt prioritert oppgåve for regionrådet. Kjernespora må vere korleis ein kan utvikle ein kunnskapsbasert vekststrategi som integrerer aktørar med ulik kompetanse og bygger på dei føresetnadene som alt finst i regionen. Og ein må hugse på at ein slik strategi korkje kan lagast eller gjennomførast av kommunane åleine. Dei ulike aktørane i kunnskapsnavet må vere med.

Når alt kjem til alt, trur eg at den største utfordringa for Sogn er korkje storleiken, geografien eller kompetansen. Den største utfordringa handlar nok om evna til å forplikte seg på og følgje dei strategiane som me vel veit er dei som kan føre fram over tid. Det er eit ordtak som heiter at det er betre med ein fugl i handa enn ti på taket. Og politikk er eit spel der det er altfor freistande å handle i tråd med dette ordtaket. Det er meir freistande å arbeide for ein vegstubb eller to-tre arbeidsplassar til eiga bygd her og no enn å samarbeide om dei strategiane som kanskje kan gje fleirdobbelt igjen eit stykke inn i framtida. Dermed blir politikarane i regionen konkurrentar meir enn dei blir samarbeidspartnarar. Ein annan grunn til at det blir slik, er sjølv sagt at politikarane skal veljast att kvar fjerde år. Og politikarar flest er overtydde om at veljarane set meir pris på ein fugl i handa enn ti på taket. Det skal eit visst mot til for å fortelje veljarane at ein er meir tent med å ofre noko her og no for å få ei større kake å dele på sikt, enn å innkassere dei små kakestykkane som ein kan få her og no. Det er her den politiske utfordringa ligg, i å lage ein framtdisvisjon som er overtydande nok til at ein kan heve blikket og halde fast på visjonen om ei større kake også når det er freistande å stikke av med litt av deigen eller dele opp kaka med ein gong. Her kan regionrådet gå føre med å utvikle rolla som strategisk-politisk organ.

## Langsiktig strategi?



Eg vil ikkje gå så langt som å kalle denne utfordringa for ein politisk ekstremSPORT. Trass alt handlar det om å sjå verdien av felles handling og eit langsiktig perspektiv framfor å gjere ende på godteposen så fort me kan. Utfordringa er ikkje annleis enn det me står overfor i all samfunnsbygging, og me har meir enn nok data og erfaringar til å vite om lag i kva retning utviklinga går. Vanskeleg vert det først dersom politikarane i Sogn held fram med å sitje på kvar si tue og administrere den nedgangen dei fleste har over seg som ein realitet. Det kan fort utvikle seg til ein ekstremSPORT både i politikken og for lokalsamfunna.